

Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1667 - 21/30637

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
05.05.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 172/66 Hopland


Tiltak: Einebustad
Byggjestad: Gbnr: 172/66
Tiltakshavar: Pål Børslid
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 17.02.2021. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi har følgjande merknadar:


1. Høgdeplasseringa av tiltaket er ikkje i samsvar med reguleringsplanen. Det føl av føresegn 3.1.5 at «*Maksimum høgdeplasing av bygningar er vist som kotesett planeringshøgda på plankartet*». For denne tomten er planeringshøgda gitt ved maksimum kote + 12.




Av innsende teikningar går det fram at garasjedel er plassert i samsvar med plankartet, men ikkje bustaden. Tiltaket krev at omsøkt tiltak vert endra i tråd med plan, eller at det vert søkt om og gitt dispensasjon.

2. Maks gesimshøgda er fastsett til 7,0 meter for bygg med flatt tak. Gesimshøgda skal oppgjevast i samsvar med rettleiaren «Grad av utnytting». Vi legg til grunn at gesimshøgda er i samsvar med plan.


Målsatt snitt



Utdrag fra Grad av utnytting



3. Ny terrenglinje må førast heilt ut til nabogrense på terrengprofil merka F2 sørvest.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.06.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande

Anne Lise Molvik

Avdelingsleiar

Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Pål Børslid

Fuglevikvegen 32 B

5912

SEIM

Mottakarar:

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28

5912

SEIM